



Årsplan for Fjordly barnehage

2025/2026-2028/2029



Fjordly barnehage

2025

Innhald

Forord	3
Presentasjon av Fjordly barnehage	4
Barnehagen sitt formål og innhald.....	5
Visjon og verdigrunnlag	6
Fjordly barnehage er ein kristen barnehage	7
Satsingsområde for 25/26-28/29:	9
«Bærekraft i fokus: ta vare på natur og økologisk mangfald for framtida.»	10
Årshjul for faste aktivitetar og tradisjonar.....	12
Informasjon	13
Trafikksikkerheitsarbeid.....	14
Våre arbeidsmetodar:	16
Trygghetssirkelen	17
Samarbeid	18
Overgangar	19
Når barnet byrjar i barnehagen:	19
Når barna byttar avdeling.....	19
Når barnet sluttar i barnehagen og byrjar på skulen	20
Fagområda.....	21
Nyttige linkar:.....	28
Litteraturliste:	29

Forord

Vi i Fjordly barnehage har valt å lage ein fleirårig årsplan. Årsplanen viser ein oversikt over aktivitetar og innhald og ulike satsingsområde, som vi legg ekstra vekt på det eine året. Vårt fleirårige og overordna satsingsområde er

«Bærekraft i fokus: Ta vare på natur og økologisk mangfald for framtida.»

Plana skal først og fremst vere eit forpliktande arbeidsdokument som gjev både barnehage, personale og foreldra ei oversikt over kva vi som barnehage vektlegg av verdiar og innhald i den valde perioda.

I bakgrunn for årsplan og drift av Fjordly barnehage ligg dei nasjonale lover og retningslinjer som vi rettar oss etter. Desse er: Lov om barnehagar med forskrift, Rammeplan for barnehagen, sentrale og lokale føringar. Det er **Barnehageeigar** som har ansvar for tilbodet i den enkelte barnehage. Overordna ansvar er med slik fordeling: **Utdanningsdirektoratet** skal både gje faglege innspel til og iverksette vedtatt nasjonal politikk. **Statsforvalterne** iverksette barnehagepolitikken i det enkelte fylke gjennom forvaltning av statlege tilskot, oppgåver etter barnehagelova og rettleiing av kommunar. **Kommunane** er lokal barnehage mynde og har ansvar for godkjenning av og tilsyn med barnehagane i kommunen, både private og kommunale. **Kunnskapsdepartementet** har det overordna ansvaret for barnehagesektoren.

Fjordly barnehage har eit tett samarbeid med Stad kommune oppvekst. Kommunen er barnehagen si tilsynsmynde, og ein god samarbeidspartnar.

Andre samarbeidspartnarar er PPT, helsestasjonen, BUP, Bryggja skule med fleire.

Også i arbeidet direkte knytt til aktivitetar og barna si læring har vi mange og gode samarbeidspartnarar. Det gjeld og i nærområda våre. Fjordly barnehage er ein barnehage som har tett samarbeid med både privatpersonar, gardsbruk og organisasjonar i bygda.

Helsing personalet og styret i Fjordly barnehage

v/ dagleg leiar.





Presentasjon av Fjordly barnehage

Fjordly barnehage – ein trygg og levande barnehage i hjartet av Totland

Fjordly barnehage er ein privat barnehage lokalisert på vakre Totland i Stad kommune. Vi har vore ein viktig del av lokalmiljøet i **over 30 år** og er stolte av dei lange tradisjonane våre. I Fjordly barnehage byggjer vi verdiane våre på kristen tru, noko du kan lese meir om seinare i årsplanen.

Barnehagen i tal:

- Godkjent for **31-37 barn i alderen 1–6 år (varierer utifrå alder på barna)**
- Opningstid: **07:30 – 16:30** (oppholdstid per barn: **8,5 timer per dag**)
- Organisert i to avdelingar:
 - **Sjøstjerna** – for dei eldste barna, med base i kjellaretasjen
 - **Spurven** – for dei yngste barna, med base i hovudetasjen



Naturen som læringsarena

Barnehagen vår er omgitt av eit fantastisk uteområde med skog, fjell og fjøre, som vi aktivt brukar i kvarldagen. Naturen er ein viktig del av barnehagekvarldagen, og vi arbeider årleg med prosjektet «**Frå jord til bord**». Barna får sjølve vere med på heile prosessen – frå å så eit lite frø til å hauste inn flotte grønsaker frå åkeren vår.

Leiing og styring

Fjordly barnehage har sitt eige styre, som dagleg leiar rapporterer til. Styret møtast fire til fem gonger i året. Årsmøtet i Fjordly barnehage sitt styre er regionstyret i Normisjon Sogn og Fjordane.

I Fjordly barnehage legg vi vekt på **tryggleik, trivsel og utvikling**. Her får barna ein god start på livet – omgitt av omsorgsfulle vaksne, flotte naturområde og rom for leik og læring.

Kontaktinformasjon til Fjordly barnehage er:

Telefon hovud nummer: 57853395

Telefon avdeling Sjøstjerna: 46805884

Telefon avdeling Spurven: 46814271

E-post adresse til dagleg leiar: styrar@fjordlybarnehage.no

Postadresse: Holmevegen 7, 6711 Bryggja

Barnehagen sitt formål og innhold

Barnehagen sitt formål er bestemt av barnehagelova sin formålsparagraf §1:

«*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling»* [Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

I barnehagen skal innhaldet vere variert, allsidig og tilpassa kvart einskild barn og barnegruppe. I barnehagen skal barna få leike og utfolde skapartrong og undring. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk skal sjåast i ein samanheng og samla bidra til ein allsidig utvikling for barna. Barnehagens fysiske miljø skal vere trygt, inspirere til aktivitet og gje allsidige erfaringar, opplevingar og skape meistring. [3. Barnehagens formål og innhold \(udir.no\)](#)

***Omsorg i Fjordly barnehage:** Barna sitt behov for omsorg gjelder gjennom heile dagen og er heilt grunnleggande for å kunne skape ein god plass å vere. Vi ynskjer å skape eit miljø der barna kjenner seg tryggare, inkludert, sett og høyrt samstundes som dei får omsorg frå både vaksne og andre barn.

***Barns medverknad i Fjordly**
Barnehagen: Barna i Fjordly Barnehage får være med på påverke kvarldagen sin knytt til alder, erfaring og utfordring. Barna er med å bestemme aktivitetar saman med dei vaksne. Kreative vaksne støtter- og let barna utfolde seg og let barna være deltagande i forma av sin barnehage kvardag.

***Danning i Fjordly barnehage:** i barnehagen er personalet bevisst på at danning er ein lang prosess som bl.a. handlar om å legge til rette for at barna kan få utvikle evner til å reflektere over både eigne handlingar og veremåte.

***Leik og læring i Fjordly barnehage:**
Leik er grunnleggjande for læring i barnehagen og legg til rette for at barn kan utforske, erfare og utvikle seg i sitt eige tempo. Gjennom leik lærer barn å samarbeide, kommunisere, løse problem og uttrykke kjensler. I ein god barnehagekvardag vert leik kombinert med pedagogiske impulsar, der vaksne støttar barna si utforskning og hjelper dei med å bygge ny kunnskap. Leiken kan vere både frileik, der barna styrer sjølve, og organisert leik, der dei vaksne legg til rette for læring gjennom aktivitetar som song, forteljingar, eksperiment og rolleleik. På denne måten skapar barnehagen eit trygt og stimulerande miljø der barna kan utvikle kreativitet, sosial kompetanse og grunnleggande ferdigheter som gjev eit godt utgangspunkt for vidare læring.



Visjon og verdigrunnlag

Liten barnehage – store tankar

Barnehagen sitt **verdigrunnlag** skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle dela av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilheitleg tilnærming til barna sin utvikling. Barnehagen sitt **samfunnsmandat** er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i ein samanheng.

Barnehagelova § 1 viser til at barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrifheit, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneske rettigheitene. Alle barnehagar skal bygge på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til, slik som FNs konvensjon av 20. november 1989 om barnets rettigheter (barnekonvensjonen) og ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar (ILO-konvensjonen). [1. Barnehagens verdigrunnlag \(udir.no\)](http://udir.no)

Å møte alle individ sine behov for omsorg, tryggleik, tilhøyring og anerkjenning er viktig for oss i Fjordly barnehage. Å sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal gjenspeilast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfold og gjensidig respekt, likestilling, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Ein trygg og nær barnehage

Fjordly barnehage er liten i storleik, men stor i hjarte. Den stabile personalgruppa vår gir oss unike moglegheiter til å sjå kvart barn, gi omsorg og skape eit trygt miljø der alle får rom til å vekse og utfalte seg. Vi har ein visjon om at alle barna skal føle seg sett og ivaretatt, og at dei, ut frå eigne føresetnader, skal få medverke i sin kvardag.

Leik, læring og naturglede

Barnehagen vår ligg vakkert til ved fjorden, omgitt av flotte friluftsområde. Vi brukar naturen aktivt, og barna får lære om dei verdifulle ressursane den gir oss. Gjennom leik og undring i naturen får barna utvikle skaparglede, utforskarkrong og ei sterk tilknyting til miljøet rundt seg.

Byggjer på solide verdiar

Vi arbeider ut frå barnehagelova §1, som legg vekt på kristen og humanistisk arv og tradisjon. Det betyr at vi har fokus på verdiar som:

- Respekt for naturen og menneskeverdet
- Nestekjærleik, tilgiving og likeverd
- Solidaritet og fellesskap

Fjordly barnehage er ein kristen barnehage

Kristne verdiar som rettesnor

I Fjordly barnehage sine vedtekter står det:

«Barnehagen skal sikre barna gode betingelser for aktivitet og utvikling i nært samarbeid med hjemmet, og hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i tråd med de kristne grunnverdier. Barnehagen skal stimulere barna til å bli selvstendige, skapende mennesker med forutsetning for senere å ta ansvar og vise omsorg for andre.»

Leve som vi lærer

Den gylne regelen – *«Som de vil at andre skal gjera mot dykk, så skal de òg gjera mot dei»* (Luk 6,31) – står sentralt i vårt arbeid. Vi lærer barna å møte kvarandre med respekt og omsorg, og vi vektlegg også bodet: *«Du skal elskha nesten din som deg sjølv»* (Matt 22,39).

Styrke sjølvkjensla til barna

For å kunne vise kjærleik og omtanke for andre, må barna først lære å verdsetje seg sjølve. Difor legg vi stor vekt på å styrke sjølvkjensla deira, slik at dei utviklar tru på eigne evner og moglegheiter.

Omsorg i praksis

Rammeplanen for barnehagar understrekar kor viktig omsorg er:

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

Barna lærer mest av det dei ser vaksne gjere. Difor går vi som tilsette føre som gode førebilete ved å vere anerkjennande, vise omsorg og respektere kvarandre. Vi lærer barna viktigheita av toleranse og evna til å tilgje – både seg sjølve og andre.

I Fjordly barnehage er det kristne bodskapet ein naturleg del av kvardagen og vert formidla gjennom til dømes; bøker, forteljingar, songar, formingsaktivitetar, samlingar eller plansjar og biletar på veggane som kan vekkje undring til samtaler. I den daglege samlingsstunda startar vi som regel med å syngje «Vi tek kvarandre hender» og avsluttar med bøna «Kjære far». Til måltid syng vi ofte bordverset «O, du som metter».

Bønn




Kjære far ta handa mi
Slepp ho aldri ut av di
Lei meg på din veg i dag
Gjer meg trygg og god og glad
Amen

Vi tek kvarandres hender

*Vi tek kvarandres hender
og set oss i ein ring.
Vi er ei mengd med sysken,
det skil oss ingenting.
For Gud er Far til alle
og jorda er vår stad.
Og alle, alle menneske
vil vi til vener ha*

Bordvers

O, du som metter liten fugl,
velsign vår mat, O Gud
Amen

August Skaping og Syndefallet	September Skaping og Syndefallet	Oktober Josef og brørne Josef i Egypt	November Moses i sivkorga og Moses fører folket ut av Egypt
			
Desember Juleevangeliet	Januar Jesusbarnet i tempelet Dei tre vise menn til Jesus	Februar Jesus som tolvåring Jesus lækjar ein lam mann	Mars Påskeevangeliet Emmausvandrar
			
April Påskeevangeliet	Mai Pinseforteljinga Jesu himmelfart	Juni Paulus vert kalla til apostel	Juli Paulus vert kalla til apostel
			

Satsingsområde for 25/26-28/29:

«Bærekraft i fokus: ta vare på natur og økologisk mangfald for framtida.»

2025/2026: Språkutvikling gjennom song og musikk

Barnehagen skal ha eit større fokus på song og musikk, der vi blant anna tilfører nye songar og nyttar oss i større grad av instrument i kvardagen. Målsetnaden er å utvikle barns ordforråd og språkforståing gjennom musikk. Gjennom arbeid med song og musikk vil vi forbetre barnas evne til å lytte og gjenta lydar og rytme, utvikle barnas vokabular gjennom song og musikk.

2026/2027: Uteliv

Barnehagen har nær tilhørsle til naturen og friluftsliv. Vi ynskjer at barna skal bli betre kjende med naturen gjennom positive hendingar i kvardagen. Vi legg til rette for at barna skal bli glade i naturen og ta vare på den. I kvardagen legg vi vekt på bærekraftig utvikling gjennom fokus på mat, miljø, natur og dyreliv. Barnegruppa skal få oppleve tilhørsle til naturen og lære om grunnleggjande dyrevelferd.

2027/2028: Mat og tradisjon

Barnehagen vil fokusere på tradisjonsrik mat knytt til området rundt oss. Tradisjonelt har nærområdet ei nær tilhørsle til naturen. Her skal vi fokusere på sunn tradisjonsmat. Vi skal lære meir om prosessen «frå jord til bord» og vil prøve ut tradisjonsmat og tradisjonsbakeverk. Vi vil nytte det vi haustar frå åkeren i matlaging og fokusere på kortreist mat.

2028/2029: Eventyr

I denne perioden vil vi velje ut to eventyr som vi skal ha fokus på. Målet med å ha to eventyr er at ein skal jobbe grundigare med dei på ulike plan. Blant anna rollelek, dramatisering og det å lære om moralen bak eventyret. Vi vil bruke tida til å lage konkretar knytt til eventyret.

Vårt overordna satsingsområde for 2025-2029 er:

«Bærekraft i fokus: ta vare på natur og økologisk mangfold for framtida.»

Ta vare på natur og økologisk mangfold i barnehagen

Barnehagen spelar ei viktig rolle i å styrke empati og skape gode haldningar til natur og miljø hjå dei minste. Gjennom daglege opplevingar og aktivitetar i naturen kan barna utvikle respekt og kjærleik for miljøet rundt seg. Dette legg grunnlaget for at dei blir medvitne og ansvarlege vaksne som tek vare på naturen og det biologiske mangfaldet.

Bærekraftig utvikling i barnehagen

I barnehagen legg vi vekt på bærekraftig utvikling gjennom fokus på mat, miljø, natur og dyreliv. Barna lærer om matproduksjon ved å dyrke eigne grønsaker og redusere matsvinn. Dei blir bevisste på korleis val av mat påverkar både miljøet og eiga helse. Bærekraftig mat, her under også god dyrevelferd.

Bærekraftig praksis i kvardagen

Det er viktig å integrere bærekraftig praksis i kvardagen i barnehagen. Dette kan gjerast gjennom enkle tiltak som:

- Kjeldesortering
- Å bruke naturmateriale i kreative aktivitetar
- Å la barna vere med på å dyrke grønsaker og urter
- Redusere forbruket av kjøttprodukt i barnehagen, gjennom ein kjøttfri dag i veka.
- Å unngå unødvendig bruk av plast og eingongsprodukt
- Gjenbruk og sirkulærloysingar

Læring gjennom naturopplewingar

Når barna får utforske skog, fjøre, enger og andre naturområde, lærer dei gjennom sanseopplewingar og leik. Å oppdage ulike planter, dyr og insekt gir barna innsikt i korleis alt heng saman i naturen. Ved å undre seg over livssyklusen til ei marihøne eller finne spor etter dyr i snøen, får barna forståing for naturens kompleksitet og verdi.

Gjennom praktiske aktivitetar som kjeldesortering og gjenbruk lærer barna om miljøvern. Vi oppmodar til å ta vare på naturen ved å minske plastbruk og respektere naturlege ressursar.

Vi legg til rette for naturopplevingar slik at barna får eit nært forhold til miljøet og ser verdien av å ta vare på det.

Respekt for dyr og planta

Dyreliv er òg ein viktig del av bærekraftsarbeidet vårt. Vi lærer barna om insekta si rolle i naturen, har fuglekasser utanfor barnehagen vi kan observere og samarbeider med nærmiljøet for å ta vare på dyrelivet. Barnehagen kan leggje til rette for at barna lærer å ta vare på både små og store livsformer. Til dømes kan ein ha reglar om å ikkje plukke alle blomane på ei eng eller forstyrre dyrelivet unødvendig. Å skape gode haldningar til grunnleggjande dyrevelferd og plantevern gjer at barna får kunnskap og empati og forståing for økologisk mangfald.

Grunnleggjande dyrevelferd er for oss at dyr skal behandlast med respekt og verdigheit. I Bibelen står det «Den rettferdige har omsorg for bodskapen sin, dei urettferdige er utan hjartelag» (Salomos ordtak, 12:10). Dyr har rett på mat, drikke og områder til å opptre naturleg for kvart enkelt individ, fysiske og psykiske behova skal være dekka. Sjølv om Bibelen gir menneske høgare status enn dyr er det tydeleg at dei ikkje skal lide. «Seks dagar skal du gjera arbeidet ditt. Men den sjuande dagen skal du kvila, så oksen din og eselet ditt kan få ro...» (2.Mosebok, 23.12)

Ei grøn framtid byrjar i barnehagen

Ved å gi barna positive opplevingar med dyr og natur, legg vi grunnlaget for at ein ny generasjon kan forstå kor viktig det er å ta vare på jorda vår. Naturglede, god dyrevelferd, respekt for miljøet og bærekraftige vanar er noko av det mest verdifulle vi kan gi vidare til dei små. Barnehagen skal bygge på dette gjennom pedagogiske aktivitetar dei neste åra. Det å utvikle barnas miljøbevisstheit tidleg er viktig for vidare arbeid med natur- og miljøvern.




Årshjul for faste aktivitetar og tradisjonar.


I Fjordly barnehage har vi eit årshjul som viser dei faste aktivitetane våre. Desse er tilpassa årstida og aktivitetane er tilrettelagt for å kunne gjennomførast. Vi legg opp til varierte og allsidige aktivitetar gjennom året, som alle barn kan ta del i. Gjennom heile året jobbar vi med Vennskap, som ein del av det inkluderande barnehagemiljø og verdigrunnlaget vårt.

August	September	Oktober	November
Oppstart Tilvenning av nye barn Vennskap «Familien Min» Foreldremøte(Aug/sept)	Grønnsaker, bær og frukt Hausttakkefest Innhaustring frå åkeren	Grønnsaker, bær og frukt Brannvernveke Krabbefiske FN-Dagen	Adventsførebuing Baking i barnehagen Baking på Bakeriet
Desember	Januar	Februar	Mars
Adventssamling Juleevangeliet Luciavandring Nissefest Julegudsteneste Julefrukost Tilvenning av nye barn	Godt Nyttår! Tilvenning av nye barn	Samane sin nasjonaldag Karneval Fastelavn	Barnehagedagen Brannøving Miljøagentar
April	Mai	Juni	Juli
Påskeevangeliet Så Karse Eggjakt	Såing i åkeren 17.mai feiring med 1.klasse Pinse	Sommarfest for barn og familien Avslutning for førskulebarna	Sommarkos God sommar! Vi har stengt 4 veker i løpet av juli/august!
	Pinseevangeliet		

Informasjon



- I Fjordly barnehage tek barna med eigen matboks til frukost og ettermiddagsmat. Kvar haust er foreldregruppa med på å ta avgjersler om dei ynskjer å betale inn «mat, tur og kos» pengar. Ved betaling av kostpengar vil barnehagen stå for lunsj måltid i barnehagen. Det vil hovudsakleg bestå av brødmat og pålegg, men også varmmat kvar veke (ein til fleire gonger pr. veke). Mat og drikke i barnehagen utgjer ein stor del av barna sitt totale kosthald, derfor er det av betydning at vi alle fokuserer på eit sunt kosthald som er til det beste for barna sin utvikling og helse. Når eit barn **har bursdag** ynskjer vi at barnet skal få høve til å bestemme lunsjen utifrå nokre alternativ som barnet kan velje mellom, vi har fokus på sunne alternativ. Kosthaldsplanen vil de finne på vår heimeside.
- **Måltida er fordelt slik utover dagen:**
Frukosten er frå ca 8.15-9.00, om barna skal ha frukost, hugs å levere barna slik at dei får god tid til å nyte frukosten saman med dei andre barna.
Lunsjen er frå ca 11.30-12.00
Matboks/fruktmåltid startar rundt klokka 15.00
- **Inkluderande barnehagemiljø:** Det er dei tilsette i barnehagen som har det overordna ansvaret for å skape eit trygt barnehagemiljø utan mobbing, diskriminering eller krenkelsar. Men det er heilt avgjerande og nødvendig å involvere foreldra i arbeidet med å skape vennskap og forebygge mobbing da vi saman er barna sine viktigaste rollemodellar. Vi jobbar for å skape eit sosialt fellesskap i barnehagen der alle barn er likeverd og alle er inkluderte. I Fjordly barnehage har vi utarbeid ein skriftleg plan som skal være med å forebygge alle former for trakassering. I vår barnehage har vi nulltoleranse for mobbing.
Plan for inkluderande barnehagemiljø finn de på vår heimeside.



Fjordly barnehage skal sikre at barnehagens

Trafikksikkerheitsarbeid

støttar krav som lover og forskrifter tilseier.

Med fokus på trafikksikkerheit hos tilsette, barn og foresette vil risikoen minske.

Trafikksikkerheit er fastsett som ein del av oppgåver og rutinar i barnehagen. Det vert lagt ned rutine i PBL Mentor og er nedfelt her i barnehagens årsplan .

Dette gjer vi:

- Det vert stilt krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker åtferd ved kjøp av transport.
- Tilsette kjenner rutinar for handtering av uforutsette faresituasjonar og hendingar på tur.
- Barnehagen har utarbeida rutinar for å ivareta sikkerheit på turar til fots, med bil eller buss.
- Barna lærer enkle trafikkreglar for fotgjengarar
- Barna lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks
- Rutinar for å ivareta barnas sikkerheit ved barnehagens parkeringsplass og port blir gjennomgått årleg med føresette
- Krav til føresette om å sikre barn på veg til og frå barnehagen.
- Trafikksikkerheit og trafikkopplæring er eit integrert tema på foreldremøta.
- Foreldra involverast i barnehagens trafikksikkerheitsarbeid
- Foreldra får utlevert retningslinjer for trafikksikkerheit ved oppstart i barnehagen.
- Rutinar for gjennomføring av tur

Beredskapsplanar og rutinar i PBL Mentor, Fjordly barnehage: «Barn forsvinner frå barnehagen», «Sikkerheit på tur», «Sikkerheit på tur i buss og bil», «Registrering og teljing av barn», «Barn skader seg» i tillegg til øvrige beredskapsplanar.

Trafikksikkert i direkte tilknyting til barna: kvar gong vi er på tur snakkar vi med barna om kva vi må hugse på når vi er i trafikken. Vi jobbar også med dette i samlingsstundene i barnehagen. Vi brukar Trygg trafikks pedagogiske opplegg. Til dette opplegget er det bøker, lydbøker, spel m.m. Barna blir kjent med beltedyret Tarkus. Dette er ei hand dukke.

Våre trafikkreglar ute på tur:

Vi brukar stiar, fortau og gangvegar (der det finnast).

Vi går langs vegen.

Vi går alltid på rekke med ein voksen framme og ein bak, og resten strategisk plassert mellom desse om vi er fleire.

Vi går alltid på venstre side når vi går langs bilveg utan gangveg.

Vi stopper og ser til begge sider før vi går over vegen .

Barn og vaksne brukar alltid refleksvestar når vi er trafikantar.

Turansvarleg skal til ei kvar tid ha kontroll på at alle barna er tilstades, og kvar dei er.

Ved ulykker/skader gjeld rutinane som barnehagen har utarbeida på PBL Mentor.

Kollektiv transport:

Barna skal sikrast på best mogleg måte med det sikringsutstyret som er i bussen/drosja.

Det skal berre nyttast bussar/drosjer med trepunkts selar.

Turansvarleg skal til ei kvar tid ha kontroll på at alle barna er med, og kvar dei oppheld seg.

Personalet skal sikre at på – og avstiging skjer under sikra og kontrollerte forhold.

Ved ulykker/skader gjeld rutinane og prosedyre nedfelt i barnehagens HMS system Mentor

Foreldre rolla i trafikksikkerheitsarbeidet:

Barnehagen tar ansvar for at trafikksikkerheit tas opp som eit tema på foreldremøte

Når det gjeld foreldre, er det forventa at de føl desse punkta:

Sikring av barn i bil. Alle barn sitter etter lovfesta krav og anbefaling for barn i bil

Anbefaling:

- Om mogleg rygge inn på parkeringsplassen
- Halde porten lukka
- Foreldra skal gå først ut av porten ved henting av barna

Område rundt barnehagen:

- Bilar skal ikkje stå med nøklar i, eller gå på tomgang utan vaksne i bilen!
- Parkering skal skje på parkeringsplassen, ikkje langs vegane
- Fartsgrensa inn til barnehagen er 20km/t, men vi oppfordrar til å senke farta ytterlegare.



Bilde: <https://www.barnastrafikkklubb.no/barnehage/trafikksikker-barnehage/> 28.02.2022

Våre arbeidsmetodar:

Personale - og planleggings møter: ein gang pr. månad.

Avdelingsmøte: Ein gang pr. månad.

Leiarmøte: kvar veke. (dagleg leiar og avdelingsleiarar). Deling av informasjon og samkøyring på tvers av avdelingane.

Planleggingsdagar : 6 dagar i løpet av eit barnehage år. Nytt til m.a. eksterne og interne kurs, fagleg påfyll, planlegging, evaluering, vurdering, refleksjon og dokumentering. (Eksterne og interne kurs og fagarbeid: i tråd med behov og satsing)

Resultatleiing: formålet med resultatleiing er å arbeide kvalitetsbevisst, vi skal styrke dei ulike rollene innad i personalgruppa samt styrke vår faglege kompetanse og sikre utvikling.

Kompetansepakker frå utdanningsdirektoratet: desse gir fagleg påfyll og støtte til å utvikle kompetanse og praksis i barnehagen.

Vi nyttar ulike verktøy i det pedagogiske arbeidet vårt, blant anna nyttar vi Språkkista, Snakkepakken, trygghetssirkelen og Grøne tankar – glade barn. Språkkista og Snakkepakken omhandlar mykje det same og er veldig fine supplement å bruke i samlingar eller daglege samtalar/aktivitetar. Gjennom til dømes bruk av konkretar kan barn knytte ein lyd/ord til ein visuell figur. Eit døme kan være at barna ikkje veit korleis eit dyr ser ut, men veit om lyden.

Grøne tankar – glade barn omhandlar barnas kjensler og er eit verktøy for å setje ord på korleis barnet har det. Ein nyttar det og for å hjelpe barn å regulere kjenslene sine gjennom proaktivt arbeid.


Til observasjon og kartlegging nyttar vi TRAS, Alle Med og MIO utifrå kva alderen på barnet er.

Planlegging og evaluering: Når personalet planlegg ein pedagogisk aktivitet er der fleire faktorar og ta høgde for. Personalet har over tid observert, reflektert og gjennom samtalar med barn lært kva barna har interesse for og planlegg dermed aktivitetane utifrå dette. Ein legg med dette til rette for aktivitetar utifrå alder, modning og interesse.

I barnehagen driv vi stadig med evaluering av det pedagogiske arbeidet. Personalet gjer vurderingar utifrå kvar gjennomførte aktivitet og justera praksisen etter dette. På avdelingsmøte gjer ein eventuelle større endringar gjennom felles refleksjon i personalgruppa. Ein nyttar dokumentasjon i evalueringsarbeidet og tek inspirasjon frå denne til å planlegge nye pedagogiske aktivitetar.

Trygghetssirkelen

Fjordly barnehage nyttar trygghetssirkelen i sitt arbeid med barna. I Trygghetssirkelen er den vaksne den trygge og sikre basen. Når barnet er utforskande og nysgjerrig beveger det seg ut frå den trygge basen sin, barnet vil framleis vere avhengig av den vaksne i form av støtte og hjelp. Når barnet til dømes er nede i sirkelen har barnet behov for beskyttelse, trøyst, omsorg og hjelp til å forstå eigne kjensler. Denne er spesielt i fokus under tilvenningsperioda når barnet startar i barnehagen.



Samarbeid

Barnehagen skal i samarbeid med og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling jf. barnehagelova §1 5. Samarbeid mellom hjem og barnehage (udir.no)

Gjennom året har vi ulike møtepunkt mellom barnehagen og heimen.

Vi har den **daglege samtalen** som oftast utspelar seg ved henting/levering i garderoben. Her overleverer ein korte beskjedar om blant anna korleis dagen har vært for ditt barn og eventuelt beskjedar frå heimen som barnehagen bør vite om. Når det kjem til ditt barn er ingen detaljar for små, barnets søvn, dagsform og humør er med på å påverke korleis ditt barn har det i barnehagen.

Vi sett pris på å få vite om det har våre noko spesielt på morgenon som kan prege ditt barn!

På hausten har vi felles **foreldremøte**, der vi går gjennom diverse planar og gir ulik informasjon som varer gjennom året. Vi har også eit **Sjumilsstegmøte** i oppstartsperioda, der foreldra blir delt utifrå alderen på barnet og plassert i grupper for å reflektere over ulike tema.

Seinare startar ein opp med foreldresamtalar som omhandlar barnet sin trivsel og utvikling.

I Fjordly barnehage er det svært viktig for oss å ha eit godt og tett samarbeid med alle foreldre/føresette til barna. I fellesskap kan vi skape og legge til rette for dagar som er til det einskilde barnets beste. Alt vi i barnehagen gjer skal ha barnets beste som sitt grunnlag, derfor er det heilt nødvendig med ein open, varm og likeverdig relasjon mellom heimen og barnehagen der begge parter har eit gjensidig ansvar for å støtte barnet sin utvikling på alle områder.

Foreldreråd og Samarbeidsutvalet (SU)

Foreldrerådet er eit lovpålagt organ som består av alle foreldra i barnehagen. Her kan de møtes, diskutere ønsker og behov og komme med forslag til barnehagen.

4 foreldre vert valt kvar haust på foreldremøtet, FAU dannar eit utval som skal ha høve til å ha medverking i barnehagens verksemd og utvikling og utvalet er foreldregruppa sitt talerøy i samarbeid med barnehagen.

2 foreldre frå FAU er valt inn i SU. SU har minimum to møter årleg, og utover det ved behov. I samarbeidsutvalet møtes foreldre, tilsette og eigarrepresentantar for å diskutere saker som påverkar barnas kvardag. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ.

Samarbeid med ulike instansar

Vi samarbeida tett med ulike instansar knytt til mellom anna PPT, Ressursteamet i Stad, Barnevernet, Helsestasjonen. Betre tverrfagleg innsats (BTI) er for tverrfagleg samarbeid. Dykk finn meir om BTI på Stad kommune sine heimesider.

Overgangar

Når barnet byrjar i barnehagen:

Barnehagen skal i samarbeid med føresette legge til rette og sørge for at alle barn får ein trygg og god start i barnehagen.

Tilvenning:

Fjordly barnehage praktiserer ein tilnærming til Jåttåmodellen der formålet er ein lengre tilvenningsperiode med besøk i barnehagen før oppstarten. Vi har valt å invitere barn med føresette til jamnleg besøk 2 til 4 månader før barnet startar i barnehagen. Dette som eit ledd i vårt arbeid med å skape ein god og trygg overgang til barnehagestart.

Når mor/far skal gå: kan det vere freistande å snike seg vekk før barnet oppdagar at du skal gå, men dette skaper berre utryggheit. Barnet skal få erfare at foreldra går og at dei kjem tilbake for å skape forutsigbarheit og tillit. Ofte opplever vi at foreldra også treng tid, for nokre er dette deira fyrste møte med barnehagen der alt er nytt, derfor er det særskilt viktig med ein god og tett dialog der vi kan trygge både barn og foreldre.

Når barna byttar avdeling


I barnehagen nyttar vi tida på avdeling til å gå på besøk til den nye avdelinga slik at barna skal få kjennskap til både barn, personale og eit nytt miljø. Desse hyppige besøka er svært viktig slik at barnet skal få kjenne på ein god tryggleik og kjennskap til det som skal skje.

I vår barnehage kjenner alle barna dei tilsette frå andre avdelinga, ettersom vi er ein liten barnehage der avdelingane dagleg er samla på uteområdet. Barna får derfor jamnleg kontakt med personalet frå den andre avdelinga, noko som lettar overgangen.

Når barnet sluttar i barnehagen og byrjar på skulen

Barnehagen og skulen skal i samarbeid legge til rette for overgangen frå barnehage til skule, dette skal skje i eit nært samarbeid med barnet sin heim. Barnehage og skule bør gi kvarandre gjensidig informasjon om sine organisasjonar og det bør leggast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule (RP, s.33)

I Fjordly barnehage har vi i fleire år hatt eit godt og tett samarbeid med Bryggja skule og andre skular som barna skal begynne på, der barna har fått kome på besøk med jamne mellomrom frå januar til juni. Dette er eit godt førebyggande tiltak der vi saman kan hjelpe barna til å få ein god og trygg overgang. Barnehagen driv med skuleførebuande aktivitetar og jobbar utifrå blant anna Stad Kommune sin.



Fagområda

Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språk former og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. (RP, s.48)

Vårt mål er at alle barn skal få høve til å utvikle eit godt munnleg språk og evna til å nytte språket sitt aktivt i samspel med andre. For å nå dette målet les vi bl.a. mykje bøker, syng songar, fortel eventyr, nyttar konkretar når vi fortel, har mindre språkgrupper og nyttar ulike materiell frå bl.a. snakkepakken. Vi ynskjer å støtte barna i deira utviklingsprosess og vere ein god støttespelar i den språklege utviklinga deira. Ein dag i barnehagen består av mange kvardagsituasjonar der barnet kan nytte språket sitt aktivt og eit godt språkstimulerande miljø er prega av eit personale som nyttar språket i samspel med barna gjennom heile dagen. Døme på slike situasjonar er ved måltid, i stellesituasjon, ved på og avkleding i garderoba, i sandkasseleiken og på turen bortetter vegen.



1-2åringen

Peikebøker

Bruke språket

aktivt

Formidle gjennom

kroppen

Hjelpe å setje ord

på ting

3-4åringen

Bruke språket

aktivt

Leike og tøyse med
språket

Omgrepsforståing

Øve på blyantgrep

5-6åringen

Førskuleaktivitetar

Fokus på blyantgrep

Øve på å skrive
namnet sitt

Skuleførebuing

Kropp, rørsle, mat og helse

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileigner seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og opp leve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser. (RP, s.49)

Gjennom arbeidet med dette fagområdet skal vi vi bidra til at barna utviklar ei positiv sjølvkjensle gjennom kroppsleg meistring, vi sørger for at barna skaffar seg gode allsidige erfaringar og opplevelingar ved å bruke kroppen aktivt både ute og inne gjennom heile året. Vi nyttar til dømes hinderløype, turar i ulendt terreng og dans. Barna skal gjennom arbeidet med grønsaksåkeren vår få innsikt i prosessen frå frø til grønsak og frå grønsak til mat – frå jord til bord. Barnehagen nyttar sunn og god mat til sine måltid. Vi nyttar grove kornprodukt, sunt pålegg og tilbyr grønsaker til kvart lunsjmåltid og frukt til det siste måltidet i barnehagen.



1-2åringen

Grunnrørsler

Uteliv

Smake ulik mat

Sansing på

uteområdet

Tilvenning i ulendt

terreng

3-4åringen

Utforske naturen

Grovmotorisk
utvikling

Smake ulik mat

5-6åringen

Meistre turar i
ulendt terreng

Smake ulik mat

Gå lengre turar


Sjølvstendiggjering

Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problem løysing. Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling.

(RP, S.53)

Barnehagen skal bidra til at barna opplever glede over å utforske og leike med tal og former og at dei tileignar seg gode og brukbare matematiske former. I kvardagen vår tel vi både mengd barn og vaksne som er til stades, vi tel bilar på tur, vi målar stor og liten/tung og lett, finn ulike mønster, lagar rekkefølgje, møter ulike matematiske former, deling: kor mange har du?



1-2åringen

Teljing

Rydde/sortere

Bli kjend med
fargar

Kjennskap til
former

Puslespel

3-4åringen

Borddekking

Teljing

Rekketal

Brettspel

Puslespel

Lære fargenamn

5-6åringen

Talrekka til 10

Brettspel

Regelleikar

Lage ulike mønster

Klippe ut former

Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til bærekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitakaplege fenomen, føle tilhøyrssle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar. (RP, S.52)

Barna skal få oppleve naturen og undring over naturen si endring og mangfald gjennom året. Få erfaring med og kunnskap om dyr og få innsikt i miljøvern. I barnehagen vår ynskjer vi å legge til rette for at barna kan få lære seg å syne omsorg for dyr, alt frå små insekt til krypdyr til dei større gardsdyra som vi får lov å besøke. Barnehagen nyttar tidvis teknologi knytt til læring og temaet ein jobbar med.



1-2åringen

Uteleik

Gardsbesøk

Kjennskap til dyr

Lære om naturvern

Turar

3-4åringen

Lære meir om dyra

Naturvern

Forsking og eksperiment

Åkerarbeid

Frå jord til bord

5-6åringen

Eksperiment

Miljøagentar

Lære om endringar i naturen gjennom året

Åkerarbeid

Etikk, religion og filosofi



Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningars. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald. Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft. (RP, S.54)

I barnehagen bidrar vi til at barna tileignar seg samfunnets grunnleggande normer og verdiar, barna skal utvikle toleranse, respekt og interesse for andre bakgrunnar, kultur, religion eller livssyn. Vi syng for maten, har bøn i samling, syner nulltoleranse for mobbing/utestenging, markering av FN dagen, ulike tradisjonar, merkedagar og høgtider, månadlege bibel forteljingar og har fokus på vennskap gjennom heile året. Barnehagen jobbar med «Den gylne regelen» tett i alle situasjonar.

1-2åringen

Den gylne regelen

Bordvers

Dagleg bøn

Bibelforteljingar

3-4åringen

Den gylne regelen

Bordvers

Dagleg bøn

Bibelforteljingar

Kristne tradisjonar

5-6åringen

Den gylne regelen

Bordvers

Dagleg bøn

Bibelforteljingar

Kristne tradisjonar

Kyrkjevandring

Kunst, Kultur og kreativitet

Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. (RP, S.50)

Barnehagen skal bidra til at barna utviklar skaparglede, tar i bruk fantasi og kreativ tenking og får høve til å uttrykke seg gjennom skapande virke. I barnehagen lagar vi ulike byggverk av Lego og klossar og har ulike formingsaktivitetar som teikning, maling, plastilina og snøskulpturar. Vi lar barna utfolde seg kreativt gjennom friheit i formingsaktivitetane innanfor visse ramme. Vi gir barna utstyret, men lar dei utfolde seg.



1-2åringen

Efare ulikt
formingsmateriell

Enkel
konstruksjonslek

Kjennskap til
instrument

Rørsle med musikk

3-4åringen

Kunst med ulikt
materiell

Lære songar/rim

Lære om lokal
kultur

Bruke instrument

5-6åringen

Kunst med ulikt
materiell

Lære songar/rim

Lære om lokal
kultur

Dramatisere
eventyr

Bruke instrument

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrslse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane. (RP, S.55)

I Fjordly Barnehage har vi eit godt samarbeid med nærmiljøet og samfunnet rundt barnehagen. Vi har bønder som vi besøker på våren og ser på dyra, vi har bakeriet som vi reiser til og bakar. Vi har skulen vi har eit tett og godt samarbeid for å lette overgangen frå barnehage til skulen. Vi har også Fjordly ungdomssenter og kyrkja som vi tidvis besøker og samarbeida med.

Vi jobbar for at barna skal kjenne på tilhørleghet til barnehagen og området rundt, og gjere seg kjende med kva ein har av moglegheiter i området.



1-2åringen

Besøke dyr

Gå tur i
nærrområdet

3-4åringen

Gardsbesøk

Turar i nærrområdet

Turar til kyrkja

Tur til bakeriet

Lære om
tradisjonar og

kultur

5-6åringen

Gardsbesøk

Lengre turar i
nærrområdet

Skulebesøk

Turar til kyrkja

Lære om
tradisjonar og

Nyttige linkar:

Her finn de ei oversikt over linkar som vi tenkjer kan være nyttige for dykk å vite om!

[Heimesida til Fjordly Barnehage](#)

[Plan for inkluderande barnehagemiljø](#)

[Det siste året i barnehage](#)

[Stad Kommune sin tjenesteside](#)

[Rammeplan for barnehagen](#)

[Heimesida til Foreldreutvalet](#)

[Folkehelseinstituttet](#)

Litteraturliste:

- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta fra <https://www.udir.no>